

Florø Bulystforeining

Org. nr. 931 949 942

Naturvernforbundet i Kinn

Org. nr. 819 701 482

Høyringsinnspeil til Kinn kommune.

Samfunnssdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi

Offentleg høyring vedtatt i sak KOST-083-24



Florø og deler av omlandet i tidlegare tider. Foto: Ukjend

Samandrag og tilrådingar/krav

- Det må vere eit minstekrav i Kinn kommunes oppfølging av planhøyringar at det er innhaldet i innspelet til alle plankategoriar som er avgjerande og ikkje avsendaren sin samfunnsposisjon, slik praksis er i dag.
- Vi krev derfor at innhaldet i vår uttale blir handsama og vekta på lik linje med uttalar frå næringslivsaktørar og dermed gjeve like stor betydning.
- Det må gjennomførast ny høyringsrunde av kommuneplanframleggget etter reell involvering av sivilsamfunnet hausten 2024/våren 2025. Ny høyringsrunde gjennomførast hausten 2025.
- Kommuneplanens mål om berekraftig arealstrategi og bruk av eksisterande infrastruktur gjennomførast ved å etablere ei konkret grense rundt Florelandet (Florelandetgrensa) etter modell frå Oslo som har si markagrense.
- All vidare utbygging i og rundt Florø i planperioden skal såleis skje på eksisterande, allereie utbygd areal (grått areal)
- Utanfor Florelandetgrensa skal det ikkje etablerast faste, mobile, eller flytande installasjonar og bygningar.
- Alle nye bygg innafor Florelandetgrensa skal stette krav om oppføring i lokal, tradisjonell og autentisk byggeskikk.
- Vi krev at havvindsatsinga blir teke ut av planen. Skal ei næring stå spesifikt nemnd, så må alle andre potensielle nye næringar spesifikt nemnast. Planen må vere konsekvent og ikkje konkurransevidande.
- Den forelda *Kommunedelplan Florelandet Nord* opphevast umiddelbart og områda planen i dag omfattar fristillast i det vidare arbeidet med kommuneplanen.
- Områda i *Kommunedelplan Florelandet Nord* blir LNF-områder slik dei var tidlegare.
- I tillegg skal samtlege eksisterande grøntareal på Florelandet bestå og forankrast i planverket og det skal leggast til rette for fleire grøntareal på Florelandet der dette er mogleg. Særleg gjeld dette tilgang for ålmenta til badeplassar/sjøområder.
- Kommuneplanen må gjennomføre arealnøytralitet og arealrekneskap frå 30. september 2024 og ikkje bryte FNs Naturavtale.
- Satsing på arbeidsplassar for yngre kvinner er sjølv nøkkelen til suksess for nye innbyggjarar og må inn som eige tema i det vidare planarbeidet i staden for einsidig tilrettelegging for havvindindustri der mannlege utanlandske fagarbeidarar jobbar utan å busette seg i lokalsamfunnet.
- Det må ryddast opp i og gjevast begrepsavklaringar og substans i samtlege «grønne fyndord» i kommuneplanframleggget.
- Det må iverksettast eigne krav til energibudsjett og arealeffektivitet pr. arbeidsplass og gje desse krava verknad som rekkefølgekrav i den vidare planprosessen.
- Det må stillast krav om energieffektivisering i den vidare planprosessen.
- Ved næringsetableringar som føreset auka bygging av ny energiinfrastruktur, skal næringsaktørane sjølv dekke alle kostnader til bygging og drift av linje/kabelsystem i all framtid. Desse kostnadane skal ikkje belastast innbyggjarane via nettleiga.
- Temaet om framtidige verneområder i hav og på land må takast inn i det vidare arbeidet med kommuneplanen. Eit, av fleire frednings tema er opprettig av marine verneområder for hummar.
- Kinn er ein kommune i vekst, seier planframleggget. Kommuneplanen må fortelle oss kva som skal vokse og kva som ikkje skal vokse i Florø og omland.
- Vi vil allereie no varsle at vi vurderer å klage planprosessen og ekskludering av innbyggjarane i denne inn til Statsforvaltaren i Vestland.

Bakgrunn 1 – vårt mandat

Dette dokumentet er Florø Bulystforeining (FBF) og Naturvernforbundet i Kinn sitt innspel i høringsrunden for framlegget til kommuneplanens samfunns- og arealdel.

Vi legg til grunn at vi representerer dei 61% av innbyggjarane i kommunen som i kommunens eiga spørreundersøking seinhaustes i 2023 svara slik Firdaposten¹ oppsummerte 07.12.2023:

Ikkje bygg ned naturen

Med debatten om bygging av havvind-turbinar på Fjord Base friskt i minne, er det ikkje overraskande at dei spurde også temmeleg ueinige i påstanden «det er behov for å bygge ned natur for å få arbeidsplassar i Kinn. Til saman 61 prosent er heilt eller litt ueinige i denne påstanden. 26 prosent er litt eller heilt einige. Nesten like mange, 60 prosent, er litt eller heilt einige i at det å bygge ned natur gjer det mindre attraktivt å bu i Kinn.

I det vidare vil vi gje innspel til tilhøve i planframlegget som gjeld Florø by og omland.

Bakgrunn 2 – Kinn kommunes ambisjonar og beskrivingar

Ambisjonane i planframlegget er ambisiøse, moderne og forsøksvis prøvd innpakka i vår tids grønne papir.

Dette gjer også planframlegget ullent med nyord og omgrep som utan definert substans kan leggast det meste av innhald inn i.

Dermed fell dei kommunale ambisjonane langt på veg gjennom i vage og ofte uforståelege formuleringar med tilhøyrande vide tolkingsmogleheter der både administrasjonen, politikarane og ikkje minst næringslivet gjevast handlingsrom til å fortsette sin elleville naturnedbyggingsfest.

Bakgrunn 3 – FNs Naturavtale, det svarte holet i planframlegget

Planframlegget nemner ikkje FN sin naturavtale som Noreg har underskrive og forplikta seg til å følge, med eit einaste ord så vidt vi kan sjå.

Det er som om kommunen ønsker å neglisjere Naturavtalen for å tviholde på tidlegare tiders isolerte og forelda planvedtak om nedbygging av øyane og okkupasjon av sjøområda i området nord for Florø by.

I det vidare vil vi gje innspel til planframlegget der vi på vegner av innbyggjarane i Florø vil bidra til å tette dette svarte holet.

Praktisk informasjon om inndeling i dokumentet

Orange felt er kopiar av kommuneplanframlegget og andre eksterne tekstar

Grønne felt er våre understrekingar og oppmodingar

¹ [Kinn, Florø | Dette meiner innbyggjarane i Kinn \(firdaposten.no\)](https://www.firdaposten.no/2023/12/07/kinn-floro-1/)

Planframlegget bygger på evig vekstøkonomi utan å drøfte begrepet

I kapittel 1 i planframlegget, **Kommuneplanen kort oppsummert** finn vi følgande konstatering:


Vi har ein kommune i vekst

Vekstfilosofien og vekstøkonomien synast å gå som ein raud tråd gjennom heile planframlegget.

Vi kan ikkje sjå at plandokumentet problematiserer, eller drøfter denne grunnleggande veksthaldninga, eller viser negative konsekvensar av den, bortsett frå at planutkastet nemner reduksjon i forbruk for å redusere klimagassutslepp.

Vi finn ingen problemstillingar omkring kva som skal vokse i Kinn kommune, korleis og når veksten skal skje, eller spørsmål om kva som eventuelt ikkje skal vokse og kvifor ikkje?

På vårt folkemøte 30. august i fjor, gjekk vi gjennom ein flik av vekstproblematikken og viste mellom anna følgande figur:



Figur 1. Føresetnader for og konsekvensar av økonomisk vekst. © Stein Malkenes

Vi ser at økonomisk vekst har to hovudføresetnader- og konsekvensar, nemleg tilgang og forbruk av meir energi og tilsvarande tilgang til og nedbygging av fellesskapets urørte nærvær.

Dette er ei alvorleg sjølvmotseiing i planframlegget som verken blir drøfta, eller kvittert ut.

Planframlegget sitt svar på vekstutfordringa ser derimot ut til å vere innføring av såkalla «*Grønne begrep og tiltak*», som til dømes montering og lagring av havvindturbinar, og generell, men substanslaus bruk av *berekraftsbegrepet*.

Framlegg til gjennomføring av planframleggets hovudmål for arealstrategi

I planframleggets kapittel 3.1. – **Arealsgstrategi**² er det satt opp ein tabell som viser korleis kommunen ønsker å arbeide med arealforvaltning for perioden 2024-2036:

Hovudmål,

Vi har ein berekraftig arealstrategi.

Skildring delmål:

Vi gjenbruiker næringsareal, nyttar eksisterande infrastruktur og fortettar i allereie utbygde område

Dette er sterke, klare og konkrete målformuleringar som vi deler fullt ut og som vi legg til grunn skal gjelde både næringslivet og sivilsamfunnet allereie frå 2024.

I tillegg introduserer planframlegget det såkalla UFF-rammeverket som grunnlag for vidare arealforvaltning i kommunen. Gjennomført på rett måte, er dette også eit godt bidrag og utgangspunkt for vidare lokal arealforvaltning som vi ser positivt på.

Oppheving av den forelda *Kommunedelplan for Florelandet Nord*

Kommunedelplanen for Florelandet Nord er meir enn 10 år gammal og såleis utdatert og forelda etter dagens krav og norske forpliktingar i FNs Naturavtale.

Denne kommunedelplanen stenger for ein open, framtidsretta måte å drive kommuneplanlegging på ved at den binder betydelege areal i gamalmodig og utdatert tenking basert på mangefull kunnskap om dei områda som er inkludert i delplanen.

Eit døme på dette er det faktum at det er registrert til saman 28 raudlistearta fugleartar på øyane Grønenga og Likkje Terøy³. Eit anna er dei relativt store karbonlagra som ligg i myr.

I tillegg blei det i 2023 registrert relativt store ålegrasenger ved Likke Terøy, ein naturtype som Havforskningsinstituttet⁴ beskriv slik:

Ålegrasenger (og enger av andre sjøgrasarter) er av verdens mest verdifulle marine økosystemer, med mange viktige økosystemfunksjoner. Det er i dag allmenn og internasjonal enighet om de viktige økosystemfunksjonene til ålegras, og andre typer sjøgrassamfunn.

Med dei forpliktingane Noreg og dermed Kinn kommune har for å gjennomføre FNs Naturavtale, og som kommuneplanframlegget understreker ved å foreslå gjenbruk av eksisterande infrastruktur, er desse tre eksempla grunnar nok aleine til å legge vekk *Kommunedelplanen for Florelandet Nord*.

Vi krev derfor at denne kommunedelplanen opphevast og at områda den omfattar fristillast i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

² [3 Areal- og planstrategi \(framsikt.net\)](#)

³ Registreringar, Anders Braanaas 2000-2021

⁴ [Ålegras | Havforskningsinstituttet \(hi.no\)](#)

Florelandetgrensa – den smarte måten å følge opp kommuneplanmåla på

Med måla i planframlegget som utgangspunkt, foreslår vi at følgende prinsipp leggast til grunn for all vidare arealforvaltning i og rundt Florø by i planperioden:

Eksisterande tilrettelagte bustads- og næringsområder på Florelandet skal i perioden 2024-2036 huse all vidare etablering av byggeaktivitet i og rundt Florø by.

Kommuneplanens mål om berekraftig arealstrategi og bruk av eksisterande infrastruktur gjennomførast ved å etablere ei konkret grense rundt Florelandet (Florelandetgrensa) etter modell frå Oslo som har si markagrense.


Florelandetgrensa kan i neste omgang inkludere den sørvestlige sida av Rota som settast av til bustadformål og nordsida av Rota som settast av som LNF-område (ikkje teikna inn i dag).

I tillegg skal samleie eksisterande grøntareal bestå og forankrast i planverket og det skal leggast til rette for fleire grøntareal på Florelandet der dette er mogleg. Særleg gjeld dette tilgang for ålmenta til badeplassar/sjøområder.

Innafor Florelandetgrensa skal det ikkje kunne etablerast faste, eller flytande installasjonar og bygningar med høgde over 4 etasjar. Eit unntak kan vere eventuelle nye kranar på WestCon. Desse skal ikkje overstige høgda på eksisterande kranar.

Nye bygg skal stette krav om oppføring i lokal, tradisjonell autentisk byggeskikk.

Florelandetgrensa



Figur nr. 2. Den røde linja viser Florelandetgrensa. Denne grensa settast av i kommuneplanen og all ny aktivitet i Florø i planperioden skal etablerast innafor Florelandetgrensa. Kart: Jon Anders Stavang

Vi meiner denne form for konkretisering vil legge grunnlaget for smart og effektiv bruk av eksisterande, ferdig tilrettelagt areal. Metoden vil gje økonomiske innsparinger til nyetableringar og spare kommunale planressursar som kan nyttast til offensiv kommunal planlegging og arealbruksstyring i staden for handsaming av innkomne saker frå utbyggjarar.

Vår felles nærnaturkapital og sparekonto - områda utanfor Florelandetgrensa. Omlandetgrensa.

Dei næraste områda utanfor Florelandetgrensa er framtidige Florøgenerasjonar sin natur- og trivselssparekonto.

Desse områda er naturleg å sette på sparekonto i Florø sin naturkapitalbank slik at desse generasjonane sjølv kan avgjere korleis dei vil forme byen vår etterkvart som deira tur kjem.

Dette er også i tråd med FNs Naturavtale der det heiter:

Del C. Gjennomføring av rammeverket

Rettferdighet mellom generasjoner

n) Gjennomføringen av rammeverket bør følge prinsippet om rettferdighet mellom generasjoner, som tar sikte på å oppfylle dagens behov uten at det går på bekostning av framtidige generasjoners evne til å oppfylle egne behov, og å sikre at yngre generasjoner kan delta på en meningsfull måte i beslutningsprosesser på alle nivåer.

Vi meiner at planframleggget viser eit vippepunkt i arealforvaltninga og lokalsamfunnsutviklinga på dette punktet.

Enten tillatast omfattande, irreversibel nedbygging av nærnatur innan få år, noko som både strir imot planframleggget si tilråding om berekraftig arealstrategi og FN sin Naturavtale⁵, eller så overlet ein dette valget til framtidige generasjoner.


Saman har vi såleis høve til å innrette oss i rett rekkefølge.

Først set vi krav til vår generasjon sine evner til å tenke og handle både smart og langsiktig innafor dei arealrammer som allereie er tilrettelagt og der framtidige generasjonar såleis blir tilbode å ta sine eigne valg i bruk og vern av eigen nærnatur og dermed eigen arealbruk.

I denne omgang meiner vi at dette grovt sett må gjelde Rota, Grønenga, Likkje Terøy, Store Terøy, øyane vest for Store Terøy, fjellsida frå flomålet mellom ytre del av Norddalsfjorden og skipsleia (Årebrotet/Seljestokken) opp fjella til Gulesletteneplatået, Nærøyane, Ånnøy, Søre og Nordre Nekkøy, området frå Nekkøyosen, Stårøya til Veiesundet/delar av Stavøya, Ålvora og sjøområda som omkransar dette kystlandskapet blir avsett som LNF-områder gjeldande frå 2024.

⁵ [norsk-oversettelse-av-kunming-montreal-global-biodiversity-framework.pdf \(regjeringen.no\)](https://regjeringen.no/norsk-oversettelse-av-kunming-montreal-global-biodiversity-framework.pdf).

Omlandetgrensa



Figur nr. 3. Omlandetgrensa viser det nærmeste omlandet rundt Florø by utanfor Florelandetgrensa markert med den grønne linja. Kart: Jon Anders Stavang.

Linja er ikkje ei nøyaktig grenselinje i denne omgang, men indikerer dei områda komande generasjonar innbyggjarar i Florø bør få disponere sjølv når deira levetid kjem.

Prinsippet med Florelandetgrensa og Omlandetgrensa bygger på erkjenning av at noverande innbyggjarar i Florø allereie har bygd ned omfattande naturområder både på land og i sjøen og at denne nedbyggingstakta no får ein pause.

Dermed etterlet vi som bur i Florø i dag til komande generasjonar å ta eigne avgjerder for korleis omlandet rundt Florø skal forvaltast.

Arealet mellom Florelandetgrensa og Omlandetgrensa foreslåast satt av som LNF-område.

Ancala Partners/Fjordbase AS – eit eigedomsfirma med allereie omfattande ledig areal



Figur nr. 4. På oljebasen i Florø er det allereie omfattande ledig areal og meir vil det bli når lagring av oljerøy fasast ut, i følge Fjordbase AS. Foto: Stein Malkenes

Ancala Partners/Fjordbase AS har dei siste åra fått løyve til å sprengje og fylle store areal nord for Florø sentrum. Store delar av dette arealet ligg brakk.

I tillegg er vi kjende med at Ancala Partners/Fjordbase AS har informert det kommunale Plan- og miljøutvalget om at det etter ca 2030 vil bli reduksjon i behov for eksisterande areal på baseområdet til lagring av oljerøy. Om lag 60% av totalarealet på basen blei oppgjeve som røyrlagringsareal og store delar av dette arealet vil gradvis bli ledig etter 2030, slik vi tolkar informasjonen frå basen.

I så fall vil dette frigjøre betydelege næringsareal til ny bruk i allereie grå områder, noko som er i tråd med planframlegget.

Samtidig undergrev denne arealbruksutviklinga påstandane om behov for å sprengje vekk meir areal i Florøskjergarden, slik Ancala Partners/Fjordbase AS prøver å skape inntrykk av.

Auka tilgjenge til eksisterande grått areal på basen etter 2030 må leggast inn i det vidare planarbeidet.

Norske kommunar er nøkkelaktørar i å nå måla i FNs Naturavtale

Den 27. september la regjeringa fram **St. Meld 35 (2023.2024), Bærekraftig bruk og bevaring av natur. Norsk handlingsplan for naturmangfold.**⁶

Meldinga er regjeringa sitt framlegg til Stortinget der oppfølging av naturavtalen konkretiserast og vil i det følgande refererset til som **Handlingsplanen**.

I handlingsplanens samandrag kan vi mellom anna lese følgande:

Kommunene som nøkkelaktører

Norge er et langstrakt land med stor variasjon.

Vi har store og små byer og tettsteder, jordbruks arealer og utmark, fjell og skog, kyst og store havområder.

Vi er også et land der folk bor spredt og kommunene har ansvaret for svært mye av utviklingen, både i samfunnet og for naturen.

Kommunene har en nøkkelrolle i arbeidet for å nå naturmålene.

Kommunene har best lokalkunnskap og kjenner best til lokale behov.

Samtidig har de store oppgaver på mange felt og regjeringen ønsker å gi kommunene enda bedre verktøy og muligheter til å treffen gode, langsiktige beslutninger som ivaretar både naturmangfoldet og samfunnets behov.

Under framlegginga av Handlingsplanen var statsråden tydeleg på at vi både har planlagt nedbygging av for mykje natur i Noreg og at kommunane har eit hovudansvar for å sørge for at nedbygging av natur ikkje held fram.

I tida som kjem skal Stortinget handsame Handlingsplanen, men statsråden orienterte om at det vill komme både verktøy til «*bærekraftig arealforvaltning i kommunane*» og økonomiske midlar til gjennomføring av tiltak i kommunenorge.

Vi legg til grunn at Kinn kommune vil ta sitt naturforvaltningsansvar alvorleg og at kommunen, i nært samarbeid med innbyggjarane, vil arbeide vidare med kommuneplanen der nedbygging av natur settast på vent for å finne andre omforeinte arealbruksløysingar.

Dette vil vere i tråd med FNs Naturavtale.

Planframlegget legg opp til direkte brot på FNs Naturavtale

Dersom planframlegget legg opp til å handsame innspelet frå Ancala Partners/Fjordbase AS om å spreng vekk øyane Likkje Terøy, Store Terøy og store delar av Rota og Grøneng, samt okkupere fjordbassenget nord for Florø, så er dette eit direkte brot på FNs Naturavtale og vil få konsekvensar for Kinn kommune.

Som kjend er naturavtalen underskriven av Regjeringa Støre og gjeld såleis alle arealforvaltningsnivå i Noreg, inkludert Kinn kommune, frå desember 2022.

Under her ser ein i Del F punkt 11 korleis oppdraget i Naturavtalen med stopp i tap av naturmangfold er gjort gjeldande:

⁶ [Handlingsplanen 27.09.24.pdf](#)

Del F. 2050-visjonen og oppdraget for 2030

10. Rammeverkets visjon er en verden i harmoni med naturen: «I 2050 er naturmangfoldet verdisatt, bevart, restaurert og bærekraftig brukt på en måte som vedlikeholder økosystemtjenester, opprettholder en sunn planet og gir livsviktige goder til alle mennesker.»

11. Rammeverkets oppdrag for perioden fram til 2030 og i retning av 2050-visjonen er:

Å handle umiddelbart for å stanse og reversere tap av naturmangfold for at naturen skal kunne gjenopprettes til beste for menneskene og planeten gjennom bevaring og bærekraftig bruk av naturmangfold, og sikre en rettferdig og likeverdig fordeling av fordelene som følger av bruken av genetiske ressurser, og samtidig sørge for nødvendige støtteordninger for gjennomføring.

Det er verdt å understreke at formuleringa i punkt nr 11 vist over her, **fram til 2030**, gjeld frå Regjeringa si godkjenning av avtalen i Desember 2022 og såleis har vore gyldig for Kinn kommune i snart to år.

Vi legg til grunn at verken kommuneadministrasjonen, eller våre lokale folkevalde vil legge opp til å bryte Naturavtalen.

Noko anna vil ikkje berre vere oppsiktsvekkande med uønska konflikter og truleg rettslege reaksjonar, men også direkte undergravande for framtidig tillit til vår lokale forvaltning og vårt tillitsbaserte, lokale folkestyre.

«Det grønne skiftet» som planramme – kva betyr eigentleg dette?

I kapittel 3.1 – **Arealstrategi**, kan vi lese følgande tekst under kategorien

Skildring delmål:

Vi fører arealrekneskap. Vi legg til rette for næringsutvikling innanfor det grønne skiftet.

Vår påstand er at det ikkje finnast nokon felles definisjon på begrepet *Det grønne skiftet*.

Heller ikkje kommuneplanframleggget definerer dette sentrale begrepet som går att i heile planframleggget.

Få, om nokon, veit kva innhaldet i dette begrepet betyr og kva det inneber.

Likewise er det svært vanskeleg å sjå kva konsekvensar *Det grønne skiftet* vil få, kva det vil koste, korleis det skal gjennomførast og kva godt og gale det vil gje oss både globalt, nasjonalt og i vesle Florø.

Store Norske Leksikon⁷ definerer begrepet slik:

Grønt skifte, eller grønn omstilling, betyr generelt forandring i mer miljøvennlig retning. Ofte brukes begrepet i tilknytning til FNs bærekraftsmål. Begrepet har foreløpig ingen presis definisjon, men har fått fotfeste i språket og er mye brukt både i politisk retorikk og i mediene, i Norge så vel som internasjonalt. I 2015 ble «det grønne skiftet» kåret til årets nyord av Språkrådet.

«Det grønne skiftet» betyr rasering av felles nærvær rundt Florø, ifølge Kinn kommune.

Likevel ser vi allereie konkrete planar for omfattande naturinngrep og rasering av vår felles nærvær under dekke av å vere del av *Det grønne skiftet*.

Denne naturraseringa er også eit tungt element i realitetane i kommuneplanframleggget ved at Ancala Partners/Fjordbase AS pressar på for å få spreng vekk store delar av Grønenga og Rota, heile Likkje Terøy og store delar av Store Terøy, fylle ut i sårbar gruntvassområder og okkupere felleskapets sjøområder i fjordbassenget nord for byn.

Dersom vi legg definisjonen til Store Norske Leksikon til grunn, er denne type tiltak det motsatte både av *forandring i mer miljøvennlig retning* og *FNs berekraftsmål*.

I tillegg er det på fullstendig kollisjonskurs med 61 % av innbyggjarane i Kinn sine ønsker og også med kommuneplanens eige mål:

Vi fører arealrekneskap. Vi legg til rette for næringsutvikling innanfor det grønne skiftet..

Dersom planframleggget definerer «*Det grønne skiftet*» og «*Grønne næringar*» som etablering av havvind, hydrogen, ammoniakk, batteriproduksjon og torskeoppdrett på land ved å

⁷ [grønt skifte – Store norske leksikon \(snl.no\)](http://grønt-skifte--Store-norske-leksikon-(snl.no))

«tilrettelegge» for etablering av slike former for næringsutvikling ved å rasere store naturområder, så forventar vi at dette blir gjort greie for og konkretisert i planframlegget.

Samtlege av desse «*Grønne næringane*» er del av forretningsidéen til World Economic Forum der den internasjonale storkapitalen brukar klimakrisa som grunnlag for å utvikle denne forretningsidéen slik at store aktørar kan selge inn planar om bygging av omfattande fabrikkanlegg rundt om i norske kommunar i bytte mot statlege milliardsubsidier – også kalla tilkarringsindustrien.

Kommunane, inkludert Kinn kommune, blir så satt i ein konkuransesituasjon der konkuransen går ut på å «tilrettelegge» for desse «*Grønne næringane*» i form av storstilt nedbygging av natur i lokalsamfunna.

Verken havvindsatsing, hydrogen/amoniakkproduksjon, batteriproduksjon, eller torskeoppdrett på land kan dokumenterast og/eller klassifiserast som miljøvennleg, berekraftig, eller energieffektive næringar.

Dette mellom anna fordi samtlege av desse såkalla «*Grønne næringane*» forbrukar meir energi og råvarer enn det dei vil leve.

Hydrogen

Om vi bruker produksjon av hydrogen som eksempel, så er tommelfingerregelen av det trengs 3 KWh stabil vasskraft for å produsere 1 KWh hydrogen. Dersom denne eine KWh hydrogen skal brukast som energiberar om bord i ein hurtigbåt, er verknadsgraden mellom hydrogentanken på dekk og propellen/jetframdrifta om lag 50%.

Av dei 3 KWh stabil vasskraft samfunnet investerte i dette eksempelet, sit vi altså att med 0,5 KWh til bruk til samfunnsgangleg verksemd. Det kan knappast kallast effektiv bruk av avgrensa vasskraft.

I tillegg til det tvilsame samfunnsmessige energirekneskapet, meldte Equinor nyleg at dei stoppar eksport av hydrogen til Tyskland, noko som svekker økonomien i planlagte hydrogenprosjekt ytterlegare.

Havvind

Havvindsatsinga i Noreg er økonomisk urealistisk. Det er derfor usannsynleg at denne industrien vil ha livets rett i tida som kjem. Eit eksempel på dette kan hentast frå tidsskriftet Europower⁸ som nyleg skreiv følgande:

Dersom Norge bruker britisk modell for støtte til havvind, kan det koste 400 milliarder kroner

Britisk havvindprosjekt har fått en garantert pris på 270 øre/ KWh av myndighetene. Gjør Norge det samme på våre første flytende havvindfelt, kan regningen komme på nesten 400 milliarder i støtte.

Desse 400 milliardane er statssubsidier betalt av skattebetalarane og det er nokre av desse milliardane Ancala Partners er i Florø for å skaffe seg.

⁸ [Havvind - Siste nyheter fra fornybarbransjen | Europower](#)

Til samanlikning reknar Energidepartementet ein produksjonspris for vasskraft på 11,77 øre/KWh.

Desse eksempla og bruk av «*Grønne*» begrep utan nærmere forklaringar og konkretiseringar er alvorleg for planframleggjett sin seriøsitet og truverde og kan undergrave innbyggjarane sin tillit til plansystemet.

Vi ber derfor om at den vidare planprosessen tydleggjer kva begrepet «*Grønn*» betyr i dei ulike samanhengane og kva konsekvensar desse såkalla «*Grønne satsingane*» vil gje for vårt lokalsamfunn.

Kva tyder begrepet *berekraftig* i planframleggjett?

Som vist i bruken av begrepet «*Det grønne skiftet*», så gjeld det samme for bruk av begrepet *berekraftig*.

Dette begrepet har heller ikkje noko konkret, objektivt, dokumenterbart innhald.

Ei heller er det noko konkret rettesnor for bruken av begrepet i plandokumentet som viser kva ein legg i det.

Dersom kommunen meiner at deira begrep *Berekraftig arealstrategi* til dømes betyr at både Florø by og dens naturlege og inngrepsfrie omland har særlige tolegrens mot menneskelege inngrep som ikkje skal overskridast i planperioden, så må desse tolegrensene definerast, kvantifiserast og presenterast i konkret form ved hjelp av ei tolegrenseanalyse.

Først då vil både avsendar og mottakar av plandokumentet ha felles storleikar som kan samanliknast og vektast objektivt og såleis gje grunnlag for vidare prioriteringar.

Mangelfulle kvantifiseringskrav for til dømes energi- og arealeffektivitet i planframleggjett.

Energitemaet er ikkje via merksemrd i planframleggjett, så langt vi kan sjå. Dette endå all verksemrd er avhengig av stabil energitilførsel.

På folkemøtet vårt i Florø Kulturhus 30. august 2023 la vi fram eit oversyn over verksemrdskategoriar målt etter FNs berekraftsinndeling.

Oversynet er delt i ein taparkultur og ein vinnarkultur som dokumenterast ut frå dei tre hovudelementa i berekraftsbegrepet, sosiale, økonomiske og miljømessige forhold.

I dei konkrete punkta i figuren viser vi at etablering av eit havvindmonterings- og oppankringsanlegg nord for Florø, eigd av eit utanlandsk investeringsfond, vil vere i strid med samlege kriterier for berekraft frå FN.

Dersom vi legg kommuneplanforslaget sine målformuleringar om berekraft til grunn, så får vi det samme resultatet. Eit slikt anlegg vil vere konfliktfullt, rasere vår nærnatur, eksportere statlege milliardsubsidier til London, ikkje gje skatteinntekter til kommunen og såleis vere ein del av ein taparkultur som utviklast vidare i Florø.



Verksemeldskategoriarmålt etter FNs berekraftsinndeling

© Stein Malkenes

Kriterieutval verksemder og arbeidsplassar – neppe FN-score
Taparkultur.

Kriterieutval smarte verksemder og arbeidsplassar.
Vinnarkultur.

Kjenneteikn: *Ekstern forretningside*

Hovudkriterier:

- konfliktfull etablering/ikkje ønska av lokalsamfunn
- ekstern/utanlandsk eigarskap
- verdiskaping ut av lokalsamfunnet
- ekstern, spesialisert arbeidsstokk
- øydelegger meir natur
- høgt energibehov
- høge, dokumenterte utsleppstal
- subsidieavhengig økonomi
- få/ingen lokale skatteinntekter

Kjenneteikn: *Forankra forretningside*

Hovudkriterier:

- ønska av lokalsamfunn
- lokal eigarskap
- lokal verdiskaping
- verdiene blir i lokalsamfunnet
- faste, lokale arbeidsplassar
- ingen naturnedbygging
- lavt, dokumentert energibehov
- lave, dokumenterte utsleppstal
- uavhengig, solid økonomi
- stabile skatteinntekter til kommunen

Figur nr. 5. Verksemeldskategoriar målt etter FNs berekraftsinndeling. © Stein Malkenes

Med dette som utgangspunkt, er det naturleg at det vidare kommuneplanarbeidet introduserer eigne krav til energibudsjet og arealeffektivitet og gjev desse krava verknad som rekkefølgekrav i den vidare prosessen.

Det er grunnleggande viktig å ha oversyn over kor mykje energi og areal pr. arbeidsplass ulike utbyggjarar budsjetterer med i sine ymse konsept.

Dette også fordi det er lokalsamfunnet og kvar einskild innbyggjar som betaler for dette i form av tap av nærnatur og auke i nettleige ved stadig nye kraftlinje- og kabelutbyggingar.

Arealnøytralitet – eit fint ord som er kjekt å ha, eller ein styringsreiskap?

I planframlegget sitt kapittel 3.1. – **Arealstrategi**, finn vi begrepet **Arealnøytralitet**.

Dette er eit relativt nytt begrep med tilsvarande usikkerheit i kva begrepet eigentleg inneheld og korleis det skal brukast. Samtidig gjerast det greie for gjenbruk av næringsareal blir eit berande forvaltningsprinsipp.

Kapittel 3.1. listar opp 12 punkt der punkt nr 11 seier følgande:

Av omsyn til klima og naturmangfald er målet arealnøytralitet. Vi skal føre eit arealrekneskap, gjenbruke bygg og næringsareal og tilbakeføre ubrukt areal til natur. Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingssykligitet. Vi tek ansvar for naturen gjennom arealnøytralitet så langt som mogleg, og tek m.a vare på matjorda vår.

Punkt nr 11 er avgjerande viktig på tre områder

- Arealnøytralitet og arealrekneskap er berande forvaltningsprinsipp i planframlegget

- Den praktiske gjennomføringa og bruken av innhaldet og metodane i begrepa vil sette standard for konkret naturbruk og vern i og rundt lokalsamfunnet.
- Dermed vil gjennomføring av metodikken i einskildsaker vere avgjerdande for korvidt vi som innbyggjarar skal ha tillit til våre folkevalde og leiande kommunale forvaltarar.

Men våre lokale folkevalde har allereie torpedert bruken av arealnøytralitetsmetoden i Kinn kommune.

Det gjorde dei i eit møte i juni, så vidt vi forstår. Derfor står det no følgande midt inne i punkt nr. 11 i planframlegget:

Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingssyktigheit.

I praksis betyr dette tut og kør i å rasere innbyggjarane sin nærnatur vidare framover også vel vitande om at Naturavtalen brytast på denne måten og at 61% av innbyggjarane ikkje ønsker meir nedbygging av natur i bytte mot påståtte arbeidsplassar.

Det kan vi ikkje akseptere.

Vi krev derfor at Kinn kommune skal vere målbar og dokumentert arealnøytral frå og med 30. september 2024 og at dette blir slått fast i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Setningen i punkt 11 - Prinsippet om arealnøytralitet kan avvikast for næringsområde der det kan dokumenterast at slik arealbruk sikrar verdiskaping, arbeidsplassar og omstillingssyktigheit.- strykast.

Sunnfjord kommune går inn for arealnøytralitet

Også på klima- og miljøområda har Førde no gått forbi Florø!

Kven skulle tru det?

I **Kommuneplanen til Sunnfjord kommune** heiter det nemleg følgande:

I samsvar med arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel bør arealbruken i Sunnfjord kommune vere klima- og arealnøytral

Og **Voss herad** er endå strengare og konkret:

Voss herad si formulering i dokumentet **Vossaklima 2030**:

Sikra at all framtidig arealutbygging i Voss herad som eit minimum er arealnøytral

Vestland fylkeskommune si formulering om arealnøytralitet er følgande:

Vi utviklar ein arealpolitikk som bidreg til eit arealnøytralt fylke, der allereie utbygde areal vert prioritert og brukt i staden for å byggja ned natur, dyrka og dyrkbar mark.

Vinnar- og taparkultur

Vi må hugse at både Voss og Førde er prega av ein politisk og sosial vinnarkultur. Voss med sine OL- og verdsmeistrar og Førde med sine mange statlege storsatsingar og investeringar.

På utsida av ein slik kommunal og samfunnsmessig vinnarkultur som Sunnfjord og Voss viser fram, står Florø planta med begge beina i ein tapartradisjon i form av naturrasering og einsidige industrisatsing - ein råvarekoloni for internasjonal spekulasjonskapital..

Ut frå haldningane vist i eksemplet om arealnøytralitet, ser det ut til at Kinn kommune ikkje har ambisjonar om å innføre nokon vinnarkultur på ei stund.

Planframlegget manglar mål og verkemidlar for energieffektivisering

Sjølv om tilgang til energi/kraft som avgrensa ressurs er føresetnad for all verksemd og dermed planlegging, kan vi ikkje sjå at planframlegget drøftar kraftsituasjonen og tilgangen til kraft i planperioden

Dette betyr mellom anna at det heller ikkje ser ut til at Kinn kommune har noko form for ambisjonar og/eller planar for korleis ein ønsker meir effektiv bruk av tilgjengeleg energi.

Vi ber om at energieffektivisering blir teke inn som tema i det vidare planarbeidet.

Planframlegget vil auke energibruken i Florø – ikkje styre mot eit lavenergisamfunn.

I Noreg er det for tida eit marknadstyrt energisystem. Kraftbransjen har fått fritt spelerom til å organisere seg og er no delt i to delar, straumproduksjon og nettdelen.

Alle innbyggjarar i eit nettområde er underlagt eit lokalt nettselskap.

I Florø er nettselskapet Linja AS. Dei overtok gratis det eksisterande linjenettet, nedbetalt av fellesskapet frå 1950-talet og utover, i åra etter «den nye» energilova blei iverksett i 1991.

Linja AS er ei monopolverksemd og vi som forbrukarar i Linja AS sitt område er tvungne til å vere «kundar» hos dei.

Forretningsidéen deira er rimeleg spesiell, nemleg å bygge ut og vedlikehalde nettet og sende rekninga til oss forbrukarar.

For kvar ny utbygging er det såleis vi som «kundar» som betaler over nettleiga kvar månad.

Kommuneplanframlegget ser ut til å mangle informasjon og krav til det framtidige energibildet i Florø og omland.

Linja AS la i november 2023 fram følgande behovsgrunnlag som ligg til grunn for planar om ny energitilførsel frå Grov til Florø⁹:

⁹ E-post frå dir. Atle Isaksen i Linja AS til Stein Malkenes 08.11.2023

Behov for ny kraft er 55,6 MW som fordeler seg slik:

Fjordbase AS + HyFuel AS hvor inntil 20 MW er til Hydrogenproduksjon i HyFuel lokalisert på Fjordbase	21,2 MW,
EWOS avd Florø AS	9 MW nytt forbruk + 6MW som allerede er tilknyttet med vilkår om frakobling ved stor last
Westcon Florø Eiendom AS	1,6 MW nytt forbruk i eksisterende virksomhet
Slakteriet Holding AS	4 MW ny fabrikk
Havlandet Havbruk AS med underselskap	19,8 MW, nytt forbruk/utvidet virksomhet knyttet til fiskeindustrien de driver

Næringslivet i Florø må sjølv betale for utbygging og drift av ny energitilførsel

Så vidt vi forstår skal denne krafta leverast ved å bygge ein ny kabel frå Grov til Florø. Kostnaden er, så vidt vi kjenner til, i storleiksordenen om lag 25 millionar kroner.

Ut frå vanleg praksis vil desse kostnadane bli tekne inn att til Linja AS via nettleiga til alle innbyggjarane i Linja AS sitt område.

Denne auken i nettleiga kjem i tillegg til den varsle nettleigeauken frå NVE som gjennomsnittleg vil bli på 25% for heile landet, slik vi forstår saka.

Vi finn dette uakspetabelt og krev at planframlegget legg følgande prinsipp til grunn:

Planframlegget, legg opp til ein betydeleg auke i energiforbruket i Florø. Denne energiauken er ikkje berekraftig på noko punkt, verken direkte, indirekte, eller økonomisk.
Dette fordi det ikkje stillast krav om energieffektivisering i planframlegget, det vil vere negative energirekneskap ved hydrogenproduksjon og dei økonomiske kostnadane ved bygging av ny energitilførsel veltast over på innbyggjarane.
Ved næringsetableringar som føreset auka, ny energitilgang, skal næringsaktørane sjølv dekke alle kostnader til bygging og drift av linje/kabelsystem i all framtid.
Desse økonomiske kostnadane skal ikkje belastast lokalbefolkinga.
Kinn kommune skal følge opp og sjå til at denne ordninga iverksettast.

Folketalsutvikling og framtidig feilsatsing

Folketalsutvikling burde vore meir omtalt i planframlegget. Problemstillingar knytt til fråflytting synast omtalt som eit faktum som ikkje kan gjerast noko med – resignasjon er framtredande.

Skal vi få ei positiv befolkningsutvikling må vi saman gjere noko anna enn det vi har gjort sidan 1970-talet og særleg etter etablering av oljebasen på 1980-talet.

Sjølvsgart er sinkande fødselsrate i den vestlege verda eit samfunnsproblem også for vår kommune. Dette vil mest truleg ikkje endre seg.

Så kva for kvalitetar har Kinn kommune som får folk til å flytte til /tilbake hit?

Det er vanskelig å sjå for seg at dei fleste som bur i kommunen gjere det grunna unik og spennande arbeid som dei ikkje kan finne ander stader.

Dei fleste arbeidsplassane som blir skapt i Florø finnast også i mange andre lokalsamfunn.

Hovudspørsmålet blir då, kva er det som gjere at ein likevel velger å busette seg her?

Denne type problemstillingar meiner vi bør drøftast meir i den vidare oppfølginga av Kommuneplanen.

Folketalet i Flora/Kinn blir eldre og har stagnert/gått nedover over ein periode og vil truleg fortsette i samme lei med mindre Kinn kommune ikkje gjennomfører ei alvorleg kursendring.

Planframlegget legg stor vekt på «*utvikling*» av arealkrevjande industri for å legge til rette for det såkalla «*Grønne skiftet*».

I klartekst betyr dette at Kinn kommune vil fortsette å gjere det samme som er blitt gjort sidan 1970 – talet, nemleg å legge til rette for (les sprengje og planere) nytt areal som kommune og delar av næringslivet vil skape nye industriarbeidsplassar på.

Dette er ikkje jobbskaping – tvert om.

Så vidt vi forstår ut frå kommunen sine eigne tal, er talet på arbeidsplassar i Kinn kommune i 2022 er det samme som i 2014.

I samme periode har kommunen aldri tidlegare gjort så store areal tilgjengelig for næringslivet.

Har det gitt ønska effekt?

Nei, tvert om. Arealbehovet pr. arbeidsplass, som i praksis er nedbygging av urørt natur i perioden vist over, har auka betydeleg.

Er det då riktig å fortsette i samme spor?

Nei. Svaret må vere å legge til rette for smartare næringsvegar og tilsvarande smartare, målretta arbeidsplassar

Men kva er ein smart arbeidsplass? Svar kan gjevast ved å stille nokre spørsmål,

Kvar i eksisterande kommunale planar finn vi til dømes tilrettelegging for å etablere eit ølbryggeri?

Eller ei verksemd som utviklar elektriske båtmotorar?

Eller ei verksemd som produserer film og får nasjonale prisar?

Sjølv dei nye jobbane som blir skapt innan industrisektoren har vi ikkje folk nok til fylle. Dette er ein vedvarande nasjonal situasjon.

Det er derfor vår oppfatning at virkemiddelet som planframlegget viser, nemleg stadig meir naturnedbygging, eit planframlegg som tydlegvis er prega av den tette dialogen planleggarane har hatt med næringslivet undervegs, ikkje gjev Florø den ønska effekten på befolkningsutviklinga som både kommunaleiinga, politikarane og næringslivet prøver å fortelle oss.

Einsidig industristad, eller mangfaldig kystby med jobbar for yngre kvinner?

Våre etterkomrarar blir sendt på skole, høgskole og universitet utanfor Florø for å skaffe seg utdanning og grunnlag for framtidig arbeid.

I mindre grad enn tidligare kjem desse tilbake til Florø – nettopp for at det ikkje er ein velfungerande arbeidsmarknad med arbeid til begge kjønn.

Faste, interssante arbeidsplassar for yngre kvinner er sjølve nøkkelen til suksess for nye innbyggjarar.

Slike arbeidsplassar skapast ikkje ved å sprenga vekk øyar for å lage havvindindustri der mannlege utanlandske fagarbeidarar jobbar, jamfør erfaringar frå Sløvåg i Gulen

Industri – helse – skule er det vi kan tilby her i Florø, men dette er ikkje tilstrekkeleg til at det er interessant for fleire å flytte heim att/hit.

Manglande tilflytting er den store utfordringa og denne problemstillinga er ikkje tilstrekkeleg belyst og drøfta i kommuneplanen, noko som må gjerast i det vidare planarbeidet.

Luftige lovnader om nye arbeidsplassar – 61% av innbyggjarane seier nei ved nedbygging av natur¹⁰

Planframlegget ser, som nemnd framfor her, i stor grad ut til å vere prega av tidlegare tiders tankesett og vedtak samtidig som planframlegget ser framover og har stor merksemd på såkalla «Grønne verdiar».

I dette bildet ser det ut til at planframlegget legg opp til å legge tilrette for Ancala Partners sitt omfattande havvindprosjekt med dei negative konsekvensar dette prosjektet vil ha for Florø og innbyggjarane i all framtid.

Dei luftige lovnadane frå Ancala Partners om nye, lokale arbeidsplassar for folk som enten er busett, eller ønsker å busette seg i Florø, stemmer ikkje. Dei er ikkje reelle.

Montering av havvindturbinar gjennomførast av spesialarbeidarar frå turbinfabrikkane. Erfaringane med slik verksemd, montering og vedlikehald av turbinane til Hywind Tampen i Sløvåg i Gulen kommune stadfestar dette.

På folkemøtet vårt 30. august i fjor gjorde vi greie for korleis dette gjennomførast.

Informasjonen var frå dåverande ordførar i Gulen kommune, Hallvard Oppedal:

¹⁰ [Kinn, Florø | Dette meiner innbyggjarane i Kinn \(firdaposten.no\)](http://Kinn, Florø | Dette meiner innbyggjarane i Kinn (firdaposten.no))

Sjå erfaringane frå Gulen.

Infofrå ordførari Gulen, Hallvard Oppedal (Sp)

- Monterte 11 havvindturbinar til Hywind Tampen i Sløvåg
- Turbinane transportert til havs kontinuerleg
- Trengte 100 mål (100 000 m²) utsprengt areal til lagring av turbindelar
- Det tilsvarer om lag 17 fotballbaner
- Sprenger no vekk maks areal innafor regulert naturområde
- Alle montørane spesialarbeidrarar utanfrå
- Ingen nye, lokale arbeidsplassar
- Ingen ny skatteinntekt til kommunen
- Auka belegg på hotellet i arbeidsperioden
- Wergelandgruppen har kontrakt med Equinor om montering av havvindturbinar til Utsira Nord dersom Equinor får oppdraget

Figur 6. Sysselsetningserfaringar ved havvindmontering frå Gulen kommune. © Stein Malkenes

Erfaringane frå Gulen blei stadfesta i ein telefonsamtale med dagleg leiar for det lokale hotellet i Sløvåg 04.09. i år. Han opplyste at det i perioden april - september i år var gjennomsnittleg 80 spesialarbeidrarar frå Siemens som dreiv vedlikehaldsarbeid på Hywindturbuinane.

Alle var utlendingar. Det var ingen lokal sysselsetning, ingen fastbuande og dermed ingen skatteinntekter.

Vi oppmoder på nytt – lat oss vere realistiske og smarte her i Florø.

Lat oss bygge vidare framskritt og bulyst i Florø på utvikling av lokalsamfunnet på den historiske sildebyen sine eigne trivsels- og sysselsetningspremissar, nemleg smarte arbeidsplassar.

Lat oss bygge vidare på dei verdiane 61% av innbyggjarane i Kinn kommune ønsker.

Er «havrommet» fjordbassenget nord for Florø der dei foreslårte havvindturbinane ønskast lokalisert?

Planframlegget omtalar «havrommet» utan at vi kan finne noko nærmare beskriving av kva som meinast med dette begrepet.

På den andre sida tolkar vi planframlegget slik at tilrettelegging for bruk av havrommet er det same som monterings- og lagringsplass for 300 meter høge havvindturbinar.

Dette er uaktuelt.

Havvindsatsing i Florø må fjernast frå kommuneplanframleggjet

Våre grunngjevne synspunkt og dokumentasjonar om den foreslårte havvindsatsinga er gjennomgått og har vore kjende i over eit år.

Rasering av øyriket og okkupasjon av fjordbassenget nord for Florø for å montere 300 meter høge havvindturbinar og lagre desse i fjorden, er uakzeptabelt.

Vi krev derfor at havvindsatsinga blir teke ut av planen. Skal ei næring stå spesifikt nemnd, så må alle andre potensielle nye næringar spesifikt nemnast. Planen må vere konsekvent og ikkje konkurransevidande.

Fredningsområder i hav og på land manglar i planframleggjet

Kinn kommune er ein kystkommune med store hav- og fjordområder.

Planframleggjet ser ut til å legge opp til at våre felles sjøområder kun skal ha funksjon som framtidig næringsområder, skipstrafikk og andre menneskelege aktivitetar som oppdrett, taretråling, fiskeri mm.

Det pågår også for tida kontinuerleg rasering av marine naturområder ved innseglinga til Florø by og ved fylling av store steinmasser ved Trolleskjeret og i Stranda bydel.

Spørsmålet om marint vern kan vi derimot ikkje finne belyst i planframleggjet.

Kinn kommune har også store landskapsverdiar og inngrepssfrie naturområder på land.

Staten har ulike verneområder i Kinn kommune, men kommunen sjølv ser ikkje ut til å meine at det er naudsynt med ein kommunal plan for meir landskaps- og naturvern i innafor kommunegrensene.

Dette sjølv om Naturavtalen legg opp til 30% vern av alle naturtypar, marine som terrestriske.

Vi ber derfor om at temaet framtidige verneområder i hav og på land blir teke inn i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Eit, av fleire fredningsgtemaa er oppretting av marine verneområder for hummar.

Sjå til Nordhordaland!

Nordhordland er det einaste UNESCO Biosfæreområde i Noreg. Som eit Biosfæreområde har vi eit ekstra ansvar for at bruken av sjøareaala skjer på ein berekraftig måte. [Nordhordland UNESCO Biosfære](#)

Det er mange interesser som er knytta opp imot sjøareaala, til dømes:

- Friluftsliv og folkehelse
- Naturmangfald
- Kulturminne og kulturmiljø
- Fiskeri, gyte- og oppvekstområde
- Akvakultur
- Ferdsle til sjøs – infrastruktur

I ein arealplan må desse ulike interessane vegast opp imot kvarandre.

Føresegne set miljøkrav til alle tiltak som skal planleggast og gjennomførast.

Kjernen er at ein ikkje kan forringe miljøtilstanden.

Kommunane i Nordhordland: Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeidd ein interkommunal plan for sjøareala i kommunane. Livet i ein fjord har ingen klare grenser, men med ein felles plan vert heilskapen ivaretake over kommunegrensene.

Målet er at ein skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk.

Det skal vere til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.

Fjordsistema er prega av høg produksjon frå akvakultur (næringsverksemd) som igjen påverkar miljøforholda.

Vaksdal kommune har ikkje opna for akvakultur, men akvakultur i andre kommunar påverkar og fjordsistema i Vaksdal.

Eit viktig aspekt i planen er å stimulere til positiv endring.

Det er sett miljøkrav i føresegna og gjort strukturelle endringar som kan gje positiv effekt for miljø og fiskehelse.

Les heile planen her: <https://lnkd.in/getngWc5>

Sentralisering av makt. Prosedyre for utvelging, vekting og oppsummering av innkomne uttalar i høyringsprosessen

Vi er kjende med at administrasjonen i Kinn kommune har ei eiga gruppe tilsette som har som oppdrag å lese gjennom og sette opp oppsummeringar av kvar inkomne planuttale etter ein høyringsprosess, denne gongen til kommuneplanframleggjet.

I tillegg er vi kjende med at det foreligg eit dokument som rangerer viktighetsgraden av dei inntekta uttalane.

Så vidt vi forstår er innspele frå einskildpersonar nederst på prioriteringsstigen i viktighetshierarkiet til Kinn kommune.

Nest nederst er uttalar frå grendalag og frivillige organisasjonar og på førsteplass med høgst verdi, er innspele frå næringslivet.

Her legg Kinn kommune såleis til grunn at det er avsendaren sin funksjon som er avgjerande for kva innspele den mektige og udemokratiske gruppa tilsette skal prioritere og ikke innhaldet i innspelet.

Dette er mildt sagt oppsiktsvekkande og vi kan vanskeleg forstå at dette kan vere i tråd med gjeldande lovverk og forvaltningspraksis.

Det bør jo vere eit minstekrav i Kinn kommunes forvaltning at det er innhaldet i innspelet som er viktig og ikkje avsendaren sin samfunnsposisjon sett opp etter eit tilsynelatande tilfeldig prioriteringshierarki.

Vi krev derfor at innhaldet i vår uttale blir handsama og vekta på lik linje med uttalar frå næringslivsaktørar.

Vi er ikkje kjende med at Kinn kommune har utarbeidd noko form for kriteriesett, vektingsgrunnlag, eller utvelgingsgrunnlag/prioriteringsgrunnlag for gjennomgang av innhaldet i innkomne uttalar til plandokument.

Tvert om har vi inntrykk av at denne prosessen kan avhenge av kven som er med i gruppa og korleis den kommunale gruppeleiaren velger å gjennomføre gjennomgangen.

Vi ber derfor om at desse tilhøva blir informert om ved vidare handsaming og høyring av kommuneplanen.

Kommuneplanprosessen. Næringslivet – Innbyggjarane 9-0

FBF har ved fleire høvet dei siste omlag 15 månadane teke opp spørsmålet om favorisering av einskildgrupper i kommunale planprosessar.

Vi såg det tydeleg i forrige kommuneplanrunde med høyringsfrist 03.11.2023 og problemstillinga har vore teke opp direkte i to folkemøter (august 2023 og april 2024) og i to omgangar overfor kommunalsjef og kommuneplanleggar.

I kommuneplanframlegget kapittel 4, **Involvering**, går det fram at det i perioden november 2023 til juni 2024 har vore gjennomført til saman 9 møter, samlingar og arbeidsgruppeprosess mellom kommunen og det som i kapitlet blir kalla *næringsselskapa/næringsaktørar*.

I samme periode er det ikkje gjennomført eit einaste møte med innbyggjarane, men etablert det kommunen kallar eit innbyggarpanel.

Vi har ikkje kjende med noko av dette før plandokumenta blei lagt ut til høyring og vi inviterte oss sjølve til møter med kommunalsjef/kommuneplanleggar.

11. september blei frivillige organisasjonar invitert til innspelsmøte om planframlegget. FBF måtte der be om å bli invitert. Alle føringar og prioriteringar i planframlegget var på dette tidspunktet avgjort.

Endå ein gong var innbyggjarane i Florø ekskludert frå ein fleirårig kommuneplanprosess.

Asymmetrisk planleggingsprosess– krav om ny høyringsrunde av vidare handsaming av kommuneplanframlegget – varsel om klage.

Det må gjennomførast ny høyringsrunde av kommuneplanframlegget etter reell involvering av sivilsamfunnet. Høyringsrunden gjennomførast hausten 2025.

Med utgangspunkt i forrige avsnitt, finn vi planprosessen uakzeptabel.

Vi ønsker å bidra direkte og reelt inn i heile planprosessen.

Derfor oppmoder vi om utvida handsaming av planframlegget og ny høyring hausten 2025.

Samtidig ber vi om oppstart og gjennomføring av reell involvering av innbyggjarane over ein periode tilsvarannde prosessen med næringsaktørane (nov-juni). Dette for at innbyggjarane skal kunne legge premissar for kommuneplanarbeidet på lik linje med næringsinteressene.

I tillegg vil vi allereie no varsle at vi vurderer å klage planprosessen og ekskludering av innbyggjarane inn for Statsforvaltaren i Vestland.

Dette sjølv om kommunen gjennom analyseselskapet SENTIO har etablert eit såkalla innbyggarpanel ved sidan av allereie etablerte innbyggarorganisasjonar i Florø og at frivillige organisasjonar var invitert til eit møte om planutlikastet 11.september.

Organisering av vidare handsaming av kommuneplanarbeidet – Etablering av lokal folkeforsamling

For å ha ein ryddig frivilleg sektor som kan samarbeide med kommunen (og andre) om kommuneplanarbeidet vidare framover, legg FBF opp til å invitere andre friville organisasjonar for å drøfte å sette ned ei eiga folkeforsamling.

Ei folkeforsamling kan i prinsippet vere motstykket til lokale næringsforeiningar i Florø og skal fungere som innbyggjarane sitt felles talerøyr opp mot kommunen - i første omgang i den vidare kommuneplanprosessen, men også vidare ut over denne.

Vedlegg.

Florø Bulystforeining sine konklusjonar i vår høyningsuttale til kommuneplaneframlegget 03.11.2023

Kinn kommune har fremja forslag om å avsette særleg store areal til industri i fjordområdet nord og nordaust for Florø by.

I arealplanen er det lagt opp til at øyane Rota, Grønenga, little Terøy og store Terøy skal sprengast og planerast. I tillegg ser ein for seg ei massiv utfylling av grunne sjøområde for å vinne ytterlegare areal. Forslaget inneber ei nær dobling av det sentrumsnære industriarealet i høve til status i dag.

Dette skjer samstundes som det største eigedomsselskapet i Florø, Fjordbase AS, kjøpt opp av Londonbasert Ancala Partners, ikkje klarar å fylle store, ferdig planerte næringsområde med aktivitet.

Like fullt har Ancala Partners AS allereie kunngjort offentleg, planar om å «utvikle» Grønenga og Little og Store Terøya, før det er gjort nokon form for konsekvensanalyse av dei store naturinngrepa.

Dette trass i at kommunen sitt innleidde konsulentskap på har frårådd å avsette arealet til næringsareal på bakgrunn av at det vil få irreversible konsekvensar for natur, landskap og friluftsliv.

Kinn kommune på si side grunngjев forslaget med at kommunen vil sette av store areal til særleg arealkrevjande, såkalla «grøne næringar». Då må andre (grøne) interesser vike. I denne samanheng dei opprinnelege, intakte naturverdiane. Dei er ikkje truleg vurdert til å ikkje vere «grøne» nok.

Konsekvensen av å tillate slike alvorlege og irreversible inngrep vil vere tap av bynære friluftsområder, urørt natur, kystlynghei, myr, ålegrasenger, viktige biotopar for rovfugl og negativ påverknad på straumforhold og gyteområde i fjordbassenget.

Florø Bulystforeining er ei grunneigar- og innbyggjarforeining som er skipa for å take vare på natur- og kulturfuskvalitetane vi har i fjordområdet nord for Florø by.

Foreininga er sterkt kritisk til kommunen om massiv utfylling av gruntvassområde og ei storstilt øydelegging av øyane nord og nordaust for Florø.

Planforslaget vil medføre irreversible skader på av naturen og svekke produksjonsevna til heile fjordøkosystemet.

Inngrepa planen opnar for vil vere av eit omfang vi aldri tidlegare har sett på kysten av Sogn og Fjordane, og sterkt svekke viktige bu- og livskvalitetar som er viktige for innbyggjarane.

FBF tilrår gjenbruk av det eksisterande oljebaseområdet (om lag 1 km²) til ei naudsynt og reell grøn omstilling, og at dei intakte øyane vert verna mot øydelegging.

Arealplaneframlegget som den føreligg no vil forsterke klima- og naturkrisa, og kan ikkje seiast å vere i samsvar med Kinn kommune sin samfunnsplan, kap. 5.3.1.